


Årsmelding 2023

Indre Sunnfjord Turlag



Innhald

Innhald	2
Tillitsvalde 2023	3
Hovudstyret	4
Bre- og fjellsport	5
Hyttestyret 2023	6
Longevasshytta	6
Massbu	6
Nipebu	7
Hyttestatistikk	7
Seniorgruppa	8
Barnas turlag	9
Barnas Turlag Askvoll	9
Barnas Turlag Fjaler	10
Barnas Turlag Fosseheimen-Gaular	11
Barnas Turlag Førde	12
Barnas Turlag Naustdal:	13
Merke- og løypenemnda	14
Nordheia - Nordre Heia - Djupeviknipa	15
Fellesturar med Indre Sunnfjord Turlag	16
DNT Ung (13-25)	17
U40	17
FTU – Friluftsliv tilrettelagt utviklingshemma	18
Natur & kultur	18
TiTur Sunnfjord	19
TiTur Dalsfjorden	20
Andre saker og prosjekt Nye samarbeidsavtalar	21
Temakveldar for medlemmer	21
Kompetanseheving i laget	21
Statistikk	22
Medlemstal og medlemsutvikling	22
Statistikk turdeltaking	23
Takk for eit flott turår 2023!	25
Nettstad & Kontaktinformasjon	25

Tillitsvalde 2023

Hovudstyre:

Leiar: Ingebjørg Erikstad
Nestleiar: Roger Hopland
Kasserar: Kjell Arne Hjellbrekke
Styremedlemmer: Sissel Flåm, Per Tore Meier, Kjell Kleiven, Edith Falkenstein

Barnas Turlag:

Leiar: Sissel Flåm
Medlemmer: Rakel Boge, Julie Vårdal Heggøy, Torill Hukset

Seniorgruppa:

Leiar: Edith Falkenstein
Medlemmer: Sigrid Gjelsvik, Karen Hornnes, Magni Kvile
Vara: John Lien

Bre- og Fjellsportgruppa:

Leiar: Per Tore Meier
Medlemmer: Sissel Vedvik, Jarle Øygard, Håkon Østvik
Vara: Anja Lena Selstad

Hyttestyret:

Leiar: Kjell Kleiven
Medlemmer: Mariann Svingen, Per-Tore Meier, Anders Terje Vie
Vara: Jorunn Vågen

Merke- og løypenemnd:


Leiar: Kjell Arne Hjellbrekke
Medlemmer: Knut Skurtveit, Magnar Egil Øren Gangsøy
Vara: Helga Erdal Brenne

Revisor:

Marit Nikø og Bjarte Erdal

Valnemnd:

Atle Holsen (leiar), Steffen Ben Jonstad og Jan Bjarte Skrøppa



Hovudstyret

Styret har i perioden hatt 6 styremøter med til saman 85 saker. Styremøta har vore på Førdehuset og på møterommet på turlagskontoret. Jens Petter Bøe har ført rekneskapen.

Styret har arbeidd etter gjeldande budsjett og handlingsplan som vart vedtekne på årsmøtet i 2022. Aktiviteten har vore stor og alle planlagte turar – bortsett frå to – vart gjennomførte. I tillegg kom det til nye turar undervegs i arbeidsåret. IST har gjennomført 106 større og mindre arrangement med 3485 deltakarar. I tillegg kjem deltakarar på TiTur, temakvelder og stidugnader. Dette er ein god auke frå førre året. Styret er godt nøgd med den samla aktiviteten i laget.

Å drive lokalt frivillig arbeid er både gjevande og utfordrande. Det er lett å mobilisere til konkrete oppgåver som kan gjerast der og då, men meir utfordrande å oppnå at folk seier ja til å ta på seg ansvar. Her treng vi at alle formidlar gleda og det sosiale ved å drive frivillig arbeid!

Vi har lagt vekt på kursing i 2023. Vi har delteke på og gjennomført både tur- og aktivitetsleiarkurs og sti- og merkekurs. Dette er med på å auke kapasitet og kompetanse i turlaget sin aktivitet. Vi har i tillegg gjennomført to lokale turleiarsamlingar der vi har hatt fokus på t.d. turleiarrolla, turplanlegging og risikovurdering. Rettleiar for turleiarane våre er også utarbeidd og vil bli justert for 2024. IST har delteke på årsmøte og fellesmøte i DNT Sogn og Fjordane og årsmøte i DNT Fjellsport.

Gjennom samarbeid med Sunnfjord U40 har vi gjennomført seks turar. Dette er tiltak for å rekruttere nye turgåarar og på sikt turleiarar og tillitsvalde til IST. Også desse tiltaka har hatt god oppslutning. Vi held fram samarbeidet i 2024 og håpar at vi også kan sjå effekten av dette samarbeidet i deltaking på andre turar/tilbod. Vi lukkast ikkje å finne medlemmer til Ung-gruppa vår. Dette slit fleire lokallag med. Styret har ikkje gode forslag til korleis få opp att denne aktiviteten.

Det store prosjektet vårt i 2023 har vore stiprosjektet på Nordheia. Her er det gjort ein enorm innsats for å legge om og utbetre den svært populære stien. Det viste seg at vi måtte gjere meir enn det som var planlagt, og det gjenstår difor ein god del arbeid som må gjerast i 2024. Prosjektet er finansiert gjennom spelemidlar og dugnad.

Vi fornya avtalen med Postgården AS om kontor/møterom/lager med to år til 31.03.2025. Vi har også inngått samarbeidsavtale med DNT Sogn og Fjordane om 50% stillingsressurs som organisasjonsmedarbeidar og kontorleige/møterom/lagerleige. Hege Mundal starta i stillinga i mars. Hovudoppgåvene er dagleg administrativt arbeid, søknader, rapportering, marknadsføring og kontakt med overordna organisasjonar, heimeside, sosiale medier, dataløysingar, m.m.

Etter at DNT Sogn og Fjordane endra sine vedtekter og flytta sitt årsmøte til utgangen av mars kvart år, har også IST endra og flytta årsmøtet til innan utgangen av februar. Dermed vert både budsjett/rekneskap og arbeidsplan/årsmelding likt med kalenderår. Dette ser styret som ein god endring. 2022/2023 vart eit overgangsår med 15 månader!

Styret sine planer for 2024 er omfattande. Vi planlegg både fellesturar av ulikt slag, og har også planer om eit omfattande arbeid knytt til UT.no, der planen er å kvalitetssikre innhald.

Økonomien til IST er god. Det er likevel viktig med god økonomisk styring. Vi syner elles til sjølve rekneskapen.

Bre- og fjellsport

Grappa har i 2023 vore samansett slik:

Leiar: Per Tore Meier

Medlemmer: Sissel Vedvik (nestleiar), Jarle Øygard, Håkon Østvik

Varamedlem: Anja Lena Selstad

Alle planlagde turar med unntak av Melsnipa vart gjennomført med god deltaking. Munkeggi på ski, påsketur på Grovabreen, Via Ferrata, Lunde til Fjærland, 7-fjellstur i Førde og Keipen i Balestrand var på programmet. I tillegg fekk vi inn Lodalskåpa og samarbeidstur med Sunnfjord U40 på Haugabreen.



Frå påsketur på Grovabreen, ei vindfull oppleving.



På Haugabreen med U40'arar i Sunnfjord



Turleiarane Anja, Per Tore og Jannicke på 7-fjellsturen i Førde. Kjell Kleiven stilte med pizza ved Ryggjabrua.

Fjellsportgruppa i Indre Sunnfjord turlag tok initiativ til ei samling for fjellsportinteresserte turleiarar i heile Sogn og Fjordane. Det vart gjennomført eit fysisk møte og eit møte på teams i 2023. Målet er å auke samarbeidet på tvers av lokallaga og gjere fjellsportaktivitet synlegare for DNT-medlemmene. Vi håpar samarbeidet på tvers tek seg opp i 2024 slik at ein kan dele kompetanse og ha fleire samarbeidsturar.

Vi vil takke turfølgje og turleiarar for eit fint turår.

Hyttestyret 2023

Hyttestyret har i 2023 vore samansett slik:

Leiar: Kjell Kleiven

Medlemmer: Mariann Svingen, Per-Tore Meier, Anders Terje Vie

Varamedlem: Jorunn Vågen

Det har ikkje vore ordinære styremøter i Hyttestyret inneverande år, men ein del korrespondanse over e-post og telefon.

Longevasshytta

Tilsyn: Torunn Solheim. Tilsyn er gjennomført etter gjeldande instruks.

Det har vore gjennomført ein dugnad på hytta i inneverande år. Det vart nytta helikopter til transport av ved, proviant, gass, sengkle og div anna nødvendig utstyr. 10 personar var med på dugnadsarbeidet.

Hytta vart grundig vaska, tak, veggjar og golv, alle sengkleda vart skifta. Det vart også rydda i skuffer og skåp, ein grundig gjennomgang av proviantlageret var nødvendig. Ein del varer var utgått på dato, desse vart tatt vekk og erstatta med nye. Ved og gass vart plassert i uthuset, snurredoen og utedoen vart tømt. Brukte sengkle, tomme gassflasker og div anna rusk og rask vart foke i retur. Noko av arbeidet som var planlagt og som vi ikkje fekk gjort blir vidareført til neste år. Hytta er gjort klar for vinteren, båtane og kanoen er tatt inn og vatnet er stengt av. Stigen (brua) over elva er også tatt inn.

Føreståande og vurderte behov/tiltak: Beising av hytta og dei andre bygningane. Skifte dei små vindauga på vaskerom og toalett. Skifte ytterdør. Alle nødvendige material og utstyr til dette er lagra på hytta.



Bilete frå dugnadshelg i September. Noko dritjobb (tømming av utedo) og mykje sosialt!

Massbu

Tilsyn: Ingvald Os og Jostein Laukeland. Tilsyn er gjort etter gjeldande instruks.

Ein del mindre førefallande vedlikehald er utført, dørhandtaket er erstatta med nytt, og meir ved er frakta inn med helikopter.

Føreståande og vurderte behov/tiltak: Skifte ut det gamle kokeblusset med nytt. Montere gassalarm.

Nipebu

Tilsyn: Dag Tore Mjåseth og Anita Brendehaug Mjåseth. Tilsyn er utført etter gjeldande instruks.

Det har vore gjennomført ein dugnad på hytta i inneverande år. Helikopter vart nytta til transport av materialar, vindauge, ved, gass, proviant og ein del anna nødvendig utstyr. Det vart skifta 3 vindauge samt nye foringar og listverk i stove/kjøkken. Snurredoen vart fjerna i fjor og rommet der den sto er no omgjort til eit nytt soverom med 3 sengeplassar.

Heile hytta og utedoen fekk ein grundig vask, puter og tepper var ein tur ut til lufting, sengekleda vart også skifta. Ny proviant kom på plass etter ei opprydding og sortering på lageret, noko som var utgått på dato vart fjerna. Uthuset er oppfylt med ved og nye gassflasker, og utedoen vart tømt. Båten og kanoen er tatt inn og hytta er gjort klar for vinteren.

Føreståande og vurderte behov/tiltak: Starte planlegging av utviding av uthuset for meir plass til ved og betre forhold for gjestar med hund. Vurdere å skifte fleire vindauge, og utskifting av benkeplate på kjøkken. Årleg dugnad.



Bilete frå dugnad i Juni 2023. Både nytt soverom og nye vindauge kom på plass.

Hyttestatistikk

Massbu	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Overnattingar	15	18	27	9	34	35	131	27	23	28	2	29	23	78 (67)
Dagsbesøk	69	26	30	29	13	50	35	38	32	47	17	34	21	21 (16)
Longevasshytta	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Overnattingar	202	169	137	178	302	97	28	463 ??	243	243	147	224	168	246 (224)
Dagsbesøk	16	36	20	231	37	48	37	56	82	12	15	28	22	18 (15)
Nipebu	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Overnattingar	341	290	276	236	397	423	307	314	408	370	204	178	269	295 (261)
Dagsbesøk	92	64	75	87	119	54	86	92	83	46	20	34	15	27 (24)

*2023: i parantes perioden 1.10.2022 - 30.9.2023

Seniorgruppa

Gruppa har i 2023 vore samansett slik:

Leiar: Edith Falkenstein

Medlemmer: Sigrid Gjelsvik (nestleiar), Magni Kvile, Karen Hornnes

Varamedlem: John Lien

Vi har hatt 4 møter i 2023. Elles går informasjonen for det meste på e-post, melding og telefon. Turane for 2024 er planlagde og turleiarar for alle turane er på plass.

Vi var ikkje like heldig med veret i år som i fjor, det blei mykje regn på turane, snø også. Nokre turar måtte vi avlyse og finne andre turmål på grunn av veret. Tur til Dokka i Askvoll vart erstatta med anna turmål. På Bolteheia i Naustdal vart lagt om for tredje gong, men vi prøver opp att i 2024.

I 2023 planla vi 19 turar, men med finever i slutten på oktober så vart det til at vi utvida veke for veke, og enda opp med 9 ekstra turar. Ein av dei var lommelykt/måneskinstur på Nordheia, veldig fin kveldstur sjølv om vi berre var 8 stk. Den siste gjekk til Steinkorsen og dagsturhytta i Naustdal 21. november, det var fint ver, sol og frose på så det var fint å gå. Kjell Arne prøve endå til skøytene.

Vi har hatt 2 turar med overnatting. Den første var firsafari i Måløy og den andre var til DNT hytta på Tungestølen. Det var to kjekke turar. Det var påmelding til turane og begge var fullteikna. Elles har der vore mange med på turane i år, det er for det meste damer, og nokre trufaste menn. Vi ønsker at tysdagsturane også kan vere eit tilbod for fleire menn! Det meste vi har vore på ein tur var turen i Hydalen til Hamrestølen, då var vi 40 stk. Då hadde vi besøk frå Flora Turlag, det var nokre sprekingar som bada sjølv om veret ikkje var det beste. Fiskestanga blei også brukt, men trur ikkje det blei fisk. Totalt har vi hatt med oss 569 på tur i 2023.

IST hadde også eit nærturleiar kurs for oss som har vore turleiarar som vi var med på, vi gjekk frå fotballbana i Vieåsen og til dagsturhytta Gyttå, og hadde informasjon undervegs om kva som er forventa av turleiar, det var veldig nyttig.

Vi takkar alle deltakarane som har vore med på turane våre og ynskjer dei og mange nye velkomne til nye turar i 2024.



Tysdagstur til Nordheia, ein av fleire bonusturar i det fine haustvêret



Ein flott gjeng på den fullbooka overnattingsturen til Tungestølen

Barnas turlag

I 2023 hadde IST 5 aktive Barnas Turlag; Naustdal, Fosseheimen – Gaular, Førde, Askvoll og Fjaler. Totalt har det vore over 30 arrangement og 1600 deltakarar!

Barnas Turlag Askvoll

Barnas Turlag Askvoll har i løpet av november 2022 til desember 2023 gjennomført seks arrangement. I 2022 valde vi å redusere planlagde turar då det er mykje som skjer elles. Vi har til gjengjeld hatt turar med stor oppslutning.

Vinterens Kom deg ut-dag hadde vi ridning på Vik aktivitets- og islandshestgard, i april arrangerte vi «Turmat frå heile verden» i samarbeid med Askvoll Røde Kors og Askvoll Frivilligsentral, her var det rundt 200 som deltok. På Skjærgårdstreffet hadde vi stand med ein liten natursti på området. I desember 2022 starta vi eit nytt samarbeid med Allidretten rundt nissetur, då hadde vi rundt 200 påmelde, medan vi avslutta 2023 med ny rekord på nisseturen med rundt 250 påmelde!

Vi opplever at det er positivt med samarbeid med andre lag og organisasjonar, vi når ut til fleire, får ofte endå betre oppslutning på arrangementa og arbeidet blir fordelt på litt fleire. Turane våre er fordelt på føremiddag, ettermiddag, helg og vekedag. Vi ser at størstedelen av borna som er med er under 10 år, dermed legg vi turane litt opp etter det. Elles samabeidar vi godt med andre grupper i bygda. Markedsføring føregår stort sett på facebook, av og til med lappar i barnehage, skule og oppslagstavler.

Fleire i gruppa er begynt å tenke på å gi seg i Barnas Turlag då ein brukar meir tid på andre arenaer og eigne born er begynt å vokse litt frå BT. Vi har prøvd å få nokon til å overta, men utan hell. Likevel - ingen har hast med å forlate gruppa og stemninga i arbeidsgruppa er framleis god.

Evelyn Vågane, Leiar BT Askvoll




Figur 3 Turbo og nissen 2022



Figur 2 Fakkeltog på nisseturen 2023



Figur 1 Turmat frå heile verden april 2023



Figur 4 Stand på Skjærgårdstreff 2023

Barnas Turlag Fjaler

Tidlegare år har vi i Barnas Turlag Fjaler (BT Fjaler) alltid starta turåret med den tradisjonelle Kom deg ut-dagen første helga i februar. Grunna sjukdom og andre ting arrangerte vi ikkje noko denne helga, men oppmoda turglade små og store til å delta på andre BT-arrangement i nabokommunane.

Årets første arrangement gjekk av stabelen siste helga i mars då vi arrangerte hurtigorientering på Kirkeåsen i Dale. Her fekk om lag 50 små og store prøve profesjonelt orienteringsutstyr utan å måtte bruke kart for å finne posten. Etter orienteringa hadde vi bålkos der BT Fjaler stilte med gratis pølser til alle som ville ha – då var det kjekt at premien for fullført hurtigorientering var grillspyd.



Laurdag 10. juni var det torgdag i Dale sentrum. På denne kjekke dagen der bygda samlast hadde BT Fjaler stand der vi arrangerte natursti i parken. Rundt om hang det ulike postar med spørsmål og oppgåver som små og store med stor entusiasme gjennomførte. Etter endt natursti fekk alle velje seg ein premie, i tillegg til at vi fekk informere om Barnas Turlag Fjaler, det vere korleis vi er organisert og kva aktivitetar vi hadde planlagt.



Etter sommarferien arrangerte vi familiedag og stubbekonsert i lag med Skogselskapet i Sogn og Fjordane i Bjergelia i Dale. Kring 100 personar møtte opp denne solrike søndagen i august. Ein fekk lære om fotosyntesen, samt lukte på sukker som vert laga i treet. For å få smake på deilig vaniljeis måtte borna spikke si eiga skei. Det var rebus om ulike tresortar og tårnbygging med ulike klossar. BT Fjaler hadde med pølser til alle, og mange spikka sin eigen grillpinne. Dagen vart avslutta med nydeleg musikk og song frå det lokale songtalentet Sigrid Felde.



Sundag 3. september arrangerte vi haustens Kom deg ut-dag på Haugland (Flekke) i Fjaler. UWC Connect AS stod for aktivitetane. Her fekk små og store prøve SUP, bogeskyting og kanopadling. Etter aktivitetane fekk alle grille pølser m/tilbehør. Grunna dårleg vêr, samt andre arrangement i bygda same dag, var det ikkje så stort oppmøte denne dagen. Om lag 25 trossa øspøs-regn og tok turen. For aktivitetdagen vil vi rette ei stor takk til Mowi som sponsa opplegget.

Turåret 2023 avslutta vi tradisjonen tru med reflekstur på Dalsåsen i Dale, i samarbeid med Alltreninga (Dale IL). Over 150 små og store møtte opp med hovudlykt og refleksvest i strålande måneskin og vinterstemning. I skogen fekk alle testa ut refleksløypa før vi i BT Fjaler serverte graut og saft til små og store. Skikkeleg koseleg med bål, stjerneklår himmel og ein granskog kledd i kvitt. Og ikkje nok med, så dukka nissen opp mellom trea! Han hadde med seg sjokolade, klementin og rosiner til alle, så stemninga var på topp. Ei skikkeleg fin avslutning på 2023!



Takk for i år!

Vi ynskjer å takke alle vi har samarbeidd med, og dei som har sponsa oss med gåver, arrangement og anna. Tusen takk til alle som har tatt turen og vore med på arrangementa våre. Snart ventar eit nytt turår med nye tureventyr. Vi gler oss allereie!

Beste helsing Malene, Hege, Stine Mari, Sarah, Alexander og Julie

Barnas Turlag Fosseheimen-Gaular

Barnas Turlag Fosseheimen – Gaular har i 2023 hatt ei oppblomstring etter lite aktivitet siste åra.


Linda Kristin Oppedal tok over som leiar og har starta turboklubb i Viksdalen. Ein turboklubb er eit jamleg og gratis friluftstilbod i nærmiljøet. Aktivitetane skal opplevast som noko ein «går på», men det er ikkje bindande.



Turboklubben starta opp i april 2023 og gjennomfører turar 1-2 sundagar i månaden etter oppsett terminliste. Alle turar starta kl. 11 og Turboreven legg tidt og stadig lagt inn motiverande aktivitetar som mat på primus, natursti, kanopadling og liknande.

Ved å delta i turboklubben hadde borna i løpet av sommarhalvåret moglegheit for å fullføre fjelltrimmen i Viksdalen i fellesskap.

I perioden frå april – desember vart det gjennomført 10 arrangement med 5- 15 deltakarar kvar gong. Eit par arrangement måtte avlysast grunna uvêr og arbeid, men store og små har vore ute i all slags vêr gjennom året som har gått.



Oppstartshelg med nysnø i april



Spreke born på Høgemyra i Juni

Barnas Turlag Førde

Dette året har vore litt utfordrande pga. få turleiarar og dårlig vær. Kom deg ut dagen-vinter vart avlyst pga. dårlig vær. Topptur til Fauskevarden hadde berre to deltakarar (litt kort frist pga. vær).

4. juni prøvde vi oss på ein tur til Hundsrasta saman med Naturvernforbundet. Ikkje mange deltok då heller, men det var ein fin dag, med fokus på å ikkje forsøple naturen.

5. juli var vi med Førdefestivalen i Movika. Vi gjekk først til stølen kor museet fortalde litt om stølsdrift i gamle dagar. Og etterpå var det konsert/skodespel i Sersjantløa. Her var det mange deltakarar, og full Løe.

Kom deg ut dagen 3. september vart utsett ei veke pga. store nedbørmengder. Også den dagen var det litt regn, men likevel hadde vi bortimot 100 deltakarar (det var nærmare 300 påmeldt første helga).

I slutten av september var det aktivitetsleiarkurs i Fjærland, med «Turmagisk inspirasjonskveld» «Mina og meg» på Bremuseet. Nokre var også på aktivitetsleiarkurs på Kaupanger i april.

27. oktober hadde vi lommelykttur til Gyttå. Vi fyrte i bålpanna og grilla pølser. Her var det ca. 60 store og små med.

Vi har også gjort litt innsats for å få fleire med som turleiarar. Og 3-4 nye er no klare til innsats neste år. Og vi har satt opp mange kjekke turar og aktivitetar.

Vi ser at mange har følgd oss siste halvår. Så no satsar vi på høg aktivitet for å holde oppe deltakarantallet.

Sissel Flåm, leiar i BT Førde




Barnas Turlag Naustdal:

Barnas Turlag Naustdal har i 2023 gjennomført 6 arrangement og avlyst to grunna mangel på turleiarar og dårlege vêrmeldingar.

Kom-deg-ut dag vinter 5.februar i Instedalen skianlegg saman med Barnas Turlag Flora hadde god oppslutnad med 60-70 born og vaksne. Her var det skileik, aking og snøholebygging. Alle som ville ha fekk utdelt lappar m/ syltetøy og rømme, i tillegg var det grilling av pølse, varm saft og bålkaffi på menyen.

Vidare på turprogrammet var Trugetur til Tufftestølen og fottur til Svistøylen, mindre oppslutnad med totalt 17 deltakarar.




Padledag på Sanden i juni vart arrangert samtidig med at eit par skuleklassar hadde sommar-avslutning. Det viste seg å vere veldig vellykka, for mange som fekk høve til å prøve kanoane, bretta og kajakken som BTN har liggande på Sanden

Kom-deg-ut dagen haust med klatring på Kalland hadde totalt 22 frammøtte, der 11 av borna klatra. I tillegg til klatring hadde vi Turtipp, Skattejakt, Bålkaffi, saft, heimelaga bollar. Veret var fint, og alle kosa seg. I tillegg til klatringa var skattejakta veldig populær, der dei leita etter sjokolademyntar.

Mørkeorienteringa vart arrangert i Øyra-/Løken nærmiljøanlegg 30.oktober, og er eit samarbeid med Orienteringsgruppa i Tambarskjelvar IL og Idrettsskulen. Ein kjekk kveld med godt oppmøte av ca 25 barn + vaksne. Spennande å leite i mørke etter «postar» med hovudlykt.

Barnas Turlag har hittil vore drifta som del av frivilligsentralen i Naustdal. Torill Hukset har gått av med pensjon og gitt seg som leiar for Barnas Turlag. Barnas Turlag kan ikkje lenger driftast som del av frivilligsentralen, og det er utfordrande å skaffe ny leiar. Det er sett opp årsplan for 2024 som noverande turleiarar gjennomfører, men vi er avhengig av å rekruttere nokon nye til å ta over roret.



Merke- og løypenemnda

Merke- og løypenemnda til IST har siste året vore samansett slik:

Leiar: Kjell Arne Hjellbrekke

Medlemmer: Knut Skurtveit (nestleiar) og Magnar Gangsø.

Varamedlem: Helga E Brenne.

Nemnda har hatt eit fysisk møte.

Det har vore arbeida med å skaffe oss betre kontroll og oversikt over innhaldet som ligg på nettstaden «Ut.no». Hadde i den anledning, som ein start på arbeidet, møte med den ansvarlege for «Ut.no» i DNT. Det har vidare vore jobba kontinuerleg med dette. DNT skal neste år ha ein større gjennomgang av nettstaden, og Indre Sunnfjord Turlag kjem til å setje kvalitetssikring av hytter, turmål og turforslag som satsingsområde.

Vi har hatt ein del møte med Sunnfjord Kommune om «Friluftslivets Ferdelsårer», og komme med våre innspel. Det har vore møte med Fjelltrimgruppa i Jølster IL angående eit større stiprosjekt i Jølstrafjella. Dei ville ha vår hjelp til å komme i gang, nytte vår kunnskap og våre kontaktar. Det har også vore gjennomført sti- og merkekurs, med både teoretisk og praktisk del.

Ei stivertordning har og vore jobba med. Vi har delvis utarbeidd forslag til kva stiar vi ønsker å ha stivertar på. Dette vil det bli jobba meir med og kjem på plass neste år.

Elles har gruppa gjennomført følgjande

- Dugnad på stien til Nipebu ved Grunnevatnet.
- Rep. av den T-merka stien opp Lundeskaret.
- Merking og varding til Haugabreen og starten av T-stien til Oldeskaret.
- Remerking på Bergsheia.

Det har vore utført ca 70 timar dugnadsarbeid i 2023.



Praktisk del av Stimerkekurs ved Bergsheia

Nordheia - Nordre Heia - Djupeviknipa.

Endeleg er vi komne i gang med arbeidet med å utbetre stien til Nordheia, eit lett tilgjengeleg turmål med flott utsikt over Førdefjorden. Dette prosjektet er det Merke- og løypenemnda har brukt mest tid på i år. Prosjektet er i samarbeid med Sunnfjord Kommune, som blant anna står for søknad av spelemidlar til tiltaket.

Sjølv om arbeidet med opprusting av stien ikkje er ferdigstilt, har stien alt vore mykje brukt. Vi har fått god omtale i Firda og på sosiale medium. Det vart i 2023 lagt ned ca 275 dugnadstimar, fordelt på 17 stk og 15 dagar.

Arbeidet med stien vil halde fram kommande år.



Inngang til stien før og etter



Fellesturar med Indre Sunnfjord Turlag

Vi har hittil presentert årsmeldinga til dei ulike undergruppene våre, men vi har også ei stor, uorganisert gruppe med turleiarar som berikar programmet med både ettermiddagsturar og vakre helgeturar.

Gjennom året har Indre Sunnfjord Turlag arrangert turar av ulik lengd og vanskegrad som ikkje fell inn under ei eiga gruppe. Høgsesongen for fotturane gjekk i frå mai - september, men både fjellskiturar, enkle toppturar og trugetur dukka opp frå starten av februar!

Landemerket hestane er gått rundt og Blegja har vorte besøkt både med og utan ski på beina. I tillegg til bre- og fjellsport sin 7-fjellstur i Førde vart det gjennomført 7-fjellstur både i Aksvoll og Naustdal. Vi har hatt godt samarbeid med andre lokallag, dette er samarbeid vi ynskjer å halde fram med. IST var medarrangør på Flora Turlag sine turar Alden og Øyane Over. Fellesturar som Høyanger - Viksdalen, Snøheia, Sognefjorden Panorama og Keipen (Esefjorden) vart arrangert saman med Balestrand og Høyanger Turlag. Ein ser at turar som er krevjande å gå på eiga hand og turar som krev transportlogistikk er populære.



Årdal - Nes er ein tradisjonstur på fjellski som går palmesundag kvart år. I 2023 melde sola si varmaste velkomst og heile 80 personar deltok.



Ein av fotturane med god påmelding var turen «langs veglause strender», der ein går frå Ortnevik til Sylvarnes på sørsida av Sognefjorden.

Tidlegare hadde Indre Sunnfjord Turlag ei gruppe turleiarar som organiserte ettermiddagsturar kvar onsdag, men denne utgjekk då det etter kvart vart for få deltakarar. Vi sette opp nokre onsdagsturar i 2023, men her med lite oppslutnad. Ei spørjeundersøking blant våre tilhengjarar på facebook i haust viste likevel at over ein tredjedel er interessert i ettermiddagsturar, vi prøver difor att med nokre bynære ettermiddagsturar i 2024!

DNT Ung (13-25)

I 2023 var det ingen tillitsvalde i DNT ung og ei heller mykje aktivitet for målgruppa. Opptur for 8.klasse ved Halbrend skule på Mostien og Friluftsskule i Askvoll for 5.-8.klasse vart gjennomført i juni. Vi prøvde å gi målgruppa ung (0-25år) gratis deltaking på 7-fjellstur i Førde og føredrag med Hedvig Hjertaker, her møtte deltakarar frå målgruppa.



U40

I 2023 har vi etablert samarbeid med Sunnfjord U40, eit nettverk for unge vaksne. Det har vist seg at her er tilflyttarar med turleiarkompetanse i målgruppa. Vi har hatt 6 turar derav ein topptur, ein bretur og fire ettermiddagsturar med totalt 110 deltakarar. Vi planlegg å fortsetje samarbeidet i 2024 då vi ser verdien i rekruttering både til deltaking i originaltilbodet og nye frivillige.



FTU – Friluftsliv tilrettelagt utviklingshemma

I 2023 vidareførte vi samarbeidet med NFU om å tilby friluftaktivitet for menneske med ulik grad av utviklingshemming. Ein føresetnad for aktivitetane er at ein kan delta uavhengig av funksjonsevne. Vi gjennomførte totalt 5 samlingar, med 15-22 brukarar på kvart arrangement, samt følgepersonar. Vi har spelt kubb i Hafstadparken, grilla s'mores på Hunsrasta, padla kano på Sanden, laga naturkunst på Langeland og køyrt hest med slede på «Jul i stallgata» på Mo. Til kvart arrangement er det ein eller fleire kjekke aktivitetar i frisk luft, noko å bite i rundt bålpanna og sosialt fellesskap.



Natur & kultur

Våren 2023 vart det gjennomført fire turar under tittelen «Natur og kultur». Ideen her er å kombinere tur i nærmiljøet med kulturhistoriske tema.

Turane gjekk på ettermiddagstid, og turmåla var Legene (stølen som Slåtten skule har tatt over og sett istand), Øvrestøylen (med spor av menneskeleg aktivitet sidan vikingtida), Tåene (kulturvandring) og gamleveggen på Rørvikfjellet (samferdslehistorie).

Dei fire turane samla tilsaman 88 deltakarar; dvs gjennomsnittleg 22 deltakarar på kvar tur. Dette er vi godt nøgde med. Målet er å kunne tilby denne typen turar også i 2024, då gjerne i eit samarbeid med Førde Historielag.



1. Like ved Likhellaren, Rørvikfjellet

2. Berit Gjerland har vore med og skrive boka om Stølane i Førde. Her fortalde ho om historia til Legene

TiTur Sunnfjord

TiTur-sesongen i Sunnfjord 2023 gjekk frå 1.april til 31.oktober. Det vart plukka ut 16 turmål, der deltakarane kunne velje ut og besøke 10 av desse.

Vi har oppsummert deltakinga og ser at deltakinga er lågare enn dei første åra.

177 personar følgde lista i UT.

Tre deltakarar har besøkt alle turmåla.

30 deltakarar har fullført med ti turmål.

Turmåla har hatt 792 besøk av over 221 ulike turgåarar.

Årets deltakarpremie til born var ein ullbuff. Vinnarane av gåvekort på Erdal Sport vart trekt og annonsert på heimeside og facebook i november.



Vinnarbilete på Instagram 2023,

Sissel Straume Svoen.

TiTur Dalsfjorden

Titur Dalsfjorden går frå 1.mai til 1.oktober. Tiltaket er eit samarbeid mellom IST, Askvoll Kommune, Fjaler Kommune, og turgruppene i Askvoll og Fjaler. Årets deltakarpremie var ei ullhue frå Devold.

I 2023 har det vore 3 672 innskrivingar i bøker, og 2080 innsjekkingar på UT appen. 154 personar henta ut premie etter fullført TiTur, ein liten nedgang frå fjoråret. 42 % var i år menn og 58 % kvinner, dette er er det jamnaste ein har hatt. Yngste deltakar 2 år – og eldste 82 år. Snittalder 54 år (stigande)

Etter oppgang år for år t.o.m. koronaperioden har vi no nedgang for andre året på rad i tal fullførte. Men det er framleis fleire som fullførte no enn før koronaen. På Instagram hadde ein 60 innlegg med #titurdalsfjorden2023, dette er omtrent som i fjor. Både FB og Instagram er sosiale medier som er litt på retur – spesielt blant yngre, og mange har gjerne privat konto.



Vinnarbilete Instagram 2023,

Camilla Bruheim Håvåg

Andre saker og prosjekt

Nye samarbeidsavtaler

I 2023 har vi arbeida for å få på plass nye, og oppdatere tidlegare samarbeidsavtaler.

- Avtale med Førdefestivalen der DNT medlem får 20% rabatt på festivalpass og 20% rabatt på arrangement der IST er medarrangør.
- Avtale med Dale Sport der medlemmer i Indre Sunnfjord Turlag får 15 % rabatt på varer til rettleiande utsalspris
- Avtale med Erdal Sport (Intersport) der medlem i Indre Sunnfjord Turlag får 15% rabatt på varer til rettleiande utsalspris. Erdal sport vert også sponsor av gåvekort til TiTur Sunnfjord.

Temakvelder for medlemmer

I oktober 2022 var det gjennomført ein fjellsporkveld med Sondre Kvambekk på Scandic Sunnfjord Hotell. Dette fall i god jord og om lag 100 personar tok turen. I September 2023 kom Hedvig Hjertaker, verdas yngste kvinne til å gå til Sydpolen aleine, for å gi inspirasjonsforedrag. I november 2023 arrangerte DNT Sogn og Fjordane Skredkveld på høgskulen i Førde der frivillige frå Indre Sunnfjord Turlag bidrog i gjennomføringa. Vi har fått god tilbakemelding på at føredrag og temakvelder er av interesse, og håpar å tilby tilsvarande også neste år.




Kompetanseheving i laget

I arbeidsplanen vår for 2023 hadde Indre Sunnfjord Turlag som mål å tilby naturopplevingar i trygge rammer for alle aldersgrupper. Vi ville også auke kapasitet og kompetanse på turleiar-/aktivitetsleiarsida.

Vi har i 2023 hatt, og vil vidare i 2024 ha fokus på å tilby kurs og vidareutdanning for våre turleiarar og frivillige. Vi har i 2023 fått seks nye aktivitetsleiarar, sju nye nærturleiarar og fem grunnleggjande turleiarar. I tillegg har vi fem frivillige som har delteke på sommarturleiar del 1, og fullfører dette våren 24. Som nemnt tidlegare har vi også hatt deltakarar på sti- og merkekurs. Styret har delteke på regionale samlingar og representantar frå bre- og fjellsporgruppa har vore på årsmøtet til DNT Fjellsporg.

Statistikk

Medlemstal og medlemsutvikling




Medlemstal 2023, kategoriar

2023		
Medlemskategori	Tal medlemmer	%
Familie (2 voksne og alle barn u/26)	718	38,7
Ordinært medlem (26-66år)	584	31,5
Husstandsmedlem	156	8,4
Ung (13-25år)	67	3,6
Barn (0-12år)	65	3,5
Senior/Ufør	248	13,4
Livsvarig medlem (ev æresmedlem)	16	0,1
SUM	1854	
<i>*Totalt tal barn (inkl familie)</i>	<i>190</i>	<i>10,20 %</i>
<i>*Totalt tal ung (inkl familie)</i>	<i>311</i>	<i>16,80 %</i>

Medlemmer ift innbyggjartal

2023	Medlem	Innbyggjarar	% av innbyggjarane	(2022)
Askvoll	188	2949	6,4	6,4
Sunnfjord	1515	22215	6,8	6,8
Fjaler	136	2913	4,7	5,0
Andre komunar	15			
SUM	1854			

Statistikk turdeltaking



*Deltakartalet for 2023 inneber 15mnd aktivitet.

*Statistikk gjeld fellesturar, inkluderer ikkje temakveldar, TiTur og dugnad

Tal arrangement og (deltakarar) fordelt på kategoriar

	2023 (Nov 22 -Des 23)
Heildagsturar (felles, inkl fjellsport)	28 (821)
Overnattingsturar	2 (41)
Ettermiddagstur (U40, natur & kultur, onsdagstur)	12 (169)
Tysdagstur (dagtid, senior)	25 (520)
DNT ung (inkl friluftsskule)	1 (23)
Opptur	1 (95)
Barnas Turlag	31 (1634)
FTU - friluftsliv tilrettelagt	6 (221)
SUM tal arrangement og tal deltakarar	<u>106 (3584)</u>

Takk for eit flott turår 2023!

Takk til deg som har vore DNT medlem, du som har nytta hyttene våre, deltok på fellestur eller gir uttrykk for at du set pris på innsatsen våre frivillige legg ned. DU gir oss motivasjon til å halde hjula i gang og utvikle oss vidare

Ei ekstra takk til deg som har vore frivillig! Saman er de ryggraden i organisasjonen, det hadde ikkje vorte turar, aktivitetar, nye stiar eller vedlikehaldne hytter utan dykk!

Vi har i 2023 registeret om lag 3500 dugnadstimar knytt til dugnad på stiar og hytter, turleiing og administrativt arbeid.

Vi vil også takke gode samarbeidspartar og dei som har bidrege økonomisk til aktivitetar både i hovudlaget og i undergruppene våre.

Nettstad & Kontaktinformasjon

Hausten 2023 fekk vi nytt aktivitetssystem og splitter nye nettsider!

Vi håpar du nyttar nettsida vår for enklast mogleg å finne informasjon om kommande turar, hyttene våre, medlemsfordelar m.m.

Facebook: Indre Sunnfjord Turlag

Instagram: @indresunnfjordturlag

Nettstad: <https://www.dnt.no/indresunnfjord>

